



Forum arkitekter

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1990 - 18/10170

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
25.06.2018

Plansak 12602014000900 - Områdeplan - Bø skule og barnehage - melding om vedtak og trong for retting av plandokument

Saka vart handsama av hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 13.06.18 der følgjande vedtak vart fatta:

Framlegg til områdereguleringsplan for Bø skule og barnehage, planid 12602017000900, med planskildring, plankart, føresegner og ROS-analyse mottatt 31.05.18 vert lagt ut til høyring og offentleg ettersyn i medhald av plan- og bygningslova §§ 12-10 og 12-11 på følgjande vilkår:

1. Planskildring vert omsett til nynorsk målform.
2. Det må leggjast inn påskrift på alle føremål i kartet.
3. Rådmannen får fullmakt til generell feilretting og oppstramming av føresegna.
Mellom anna må følgjande rettast:
 - a. Det må gå fram av pkt. 2.4.1 kva føremål som inngår i kombinasjonen.
 - b. Estetikkføresegna i pkt 1.1 er ikkje treffande for arealbruken og må endrast.
 - c. Det må vurderast om føresegna i pkt 5.1.1 om sprenging er tenleg.
 - d. Pkt 5 LNF er ikkje eit arealføremål i planområdet og må takast ut.
 - e. Pkt 5.1 følgjer av lov og må takast ut.
 - f. Det må takast inn rekkefølgjekrav knytt til parkering til barnehagen.
 - g. Det må rettast i nummerering.

Det må leggjast inn frisisiktsone i alle kryss i offentleg veg.

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt.

Trong for retting av plandokument

Høyring og offentleg ettersyn er allereie kunngjort i avisa Strilen 19.06.18 med høyringsfrist 15.08.18. Før dokumenta kan leggjast ut på kommunen si heimeside og plandokumenta kan sendast på høyring

til offentlege styresmakter og partar må plandokumenta rettjast i samsvar med hovudutvalet sitt vedtak. Pkt 1 er allereie retta. Grunna høyringsfristen som allereie løper ber kommunen om at plandokumenta vert revidert utan ugrunna opphald.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Plansak 12601017000900 - Områderegulering - Bø skule og barnehage - 1. gongs høyring og offentleg ettersyn

Kopi til:

Ingrid Didriksen

Mottakarar:

Forum arkitekter